



Arne Møller og Runar Myklebust med den velvaksne breiflabben. Runar held også ei skate. (Foto: Anne Teigen Myklebust)

Runar Myklebust og Arne Møller fekk måndag ein breiflabb på 45 kilo på utsida av Skorpo – rett overfor Ølve. Den var 160 centimeter lang og vart teken på garn.

- Dette er slett ingen rekord, for breiflabben kan bli opptil 70 kilo. Men det er i hvert fall den største fisken eg har fått nokon gong, seier Runar til uskedalen.no.
- Kva slags fiskeslag var det eigentleg dykk var ute etter?
- Vi fiskar etter alle slag, ikkje minst torsk og lyr og fekk mykje av desse to slaga også denne gongen.
- Var det problematisk å få opp kjempefisken?
- Ja, vi hadde ikkje klepp og streva nokre minuttar med å få han opp i båten. Men det gjekk greitt til slutt..
- Og kva skjer vidare med fisken, som vel må kallast ei delikatesse?
- No er han skore opp i filetar og ligg nedfrosen.

Av Ola Matti Mathisen